



Særutskrift

Arkivsak-dok. 20/01638-2
Saksbehandlar Torstein Andreas Engstad

Særutskrift - Lokal forskrift om påslepp av feitthaldig avløpsvatn

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	08.06.2020	43/20
2 Kommunestyret	18.06.2020	38/20

Formannskapet har behandla saka i møte 08.06.2020 sak 43/20

Møtebehandling

Kommunedirektøren si tilråding

Votering

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt

Formannskapets innstilling

Aukra formannskap godkjenner at *Lokal forskrift om påslepp av feitthaldig avløpsvatn* blir sendt på høyring slik den går fram av saksframlegget, før seinare godkjenning i kommunestyret. Jfr. jamfør forvaltningslova § 37 ff, forureiningslova §9 og forureiningsforskrifta § 15A-4 og § 15-6.

Kommunestyret har behandla saka i møte 18.06.2020 sak 38/20

Møtebehandling

Sak 38/20 vart trekt. Saka vart ferdigbehandla i formannskapet og vert difor ikkje behandla i kommunestyret

Votering

Kommunestyrets vedtak

Skriv inn vedtaket her

Lokal forskrift om påslepp av feitthaldig avløpsvatn

Kommunedirektøren si tilråding:

Aukra formannskap godkjenner at *Lokal forskrift om påslepp av feitthaldig avløpsvatn* blir sendt på høyring slik den går fram av saksframlegget, før seinare godkjenning i kommunestyret. Jfr. jamfør forvaltningslova § 37 ff, forureiningslova §9 og forureiningsforskrifta § 15A-4 og § 15-6.

Bakgrunn

I tillegg til eventuelle krav fastsett i utsleppsløyve av statleg forureiningsmyndigheit kan kommunen i enkeltvedtak eller i forskrift ved påslepp av avløpsvatn til offentleg avløpsnett frå verksemd fastsetje krav om:

- a) Innhald i og mengde av avløpsvatn eller i særlege tilfelle reinseeffekt,
- b) feittutskillar, sandfang eller sil-anordning for avløpsvatn med tilhøyrande vilkår,
- c) tilrettelegging for prøvetaking og mengdemåling av avløpsvatn,
- d) varsling av unormale påslepp av avløpsvatn, og
- e) utsleppskontroll og rapportering av fastsette krav til avløpsvatn og avløpsgebyr.

Krav i medhald av første ledd kan berre fastsetjast for å sikre at:

- 1) avløpsanlegget kan overhalde utsleppskrav,
- 2) avløpsanlegget og tilhøyrande utstyr ikkje skadast,
- 3) drifta av avløpsanlegget med tilhøyrande slambehandling ikkje vanskeleggjerast,
- 4) Avløps-slammet kan disponerast på ein forsvarleg og miljømessig akseptabel måte, eller
- 5) helsa til personalet som arbeider med avløpsnettet og på reinseanlegget beskyttast.

Med avløpsvatn frå verksemd meinast alt avløpsvatn frå bygningar og anlegg som nyttast i handel, industri, transport, herunder vegar, og anna verksemd unntatt avløpsvatn frå hushaldningar.

Vurdering

Framlegg til forskrift skal høyrast, jamfør forvaltningslova §37ff. Kommunen vel sjølv korleis dette skal skje, men må sørge for at so mange som råd får høve til å gje uttale. Kommunedirektøren meiner at ei kunngjering i lokalavis og på kommunen si heimeside vil ivareta informasjonsbehovet.

Administrative konsekvensar

Ingen

Folkehelsekonsekvensar

Ingen

Økonomiske konsekvensar

Ingen

Gerd Nerbø
Teknisk sjef

Ingrid Husøy Rimstad
Kommunedirektør

Særutskrift

Vedlegg

Utkast - Lokal forskrift om påslepp av olje- og feitthaldig avløpsvatn, Aukra kommune

RETT UTSKRIFT

DATO 22.juni.2020